# Helgedagen

DEN NORSKE KYRKJA

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 2 - mars 2024 56. årg.



## «Hosianna, det er påske»









Ny kyrkjeverje i Time side 4
Påsketidsvandring side 8
Jærklang 25 år side 20
Munnspelkonsert side 23

## BRYNE • TIME • UNDHEIM SOKN

Kyrkjekontoret tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-fredag: 09:00 -14:00
Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4340 Bryne
Inngang frå Saronsbrotet
heimeside: www.timekyrkjene.no
post@timekyrkjene.no
Prost: Lars Sigurd Tjelle tlf. 474 51 340
Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222
Diakon TIme og Undheim: Praxedes Slettebø tlf. 488 96 919
Diakon Bryne: Marit Høie Hetland tlf 911 63 039
Sekretær: Dagny Oltedal Hetland tlf. 51 77 03 77
Assisterande kyrkjeverje:
Siri Vik tlf. 906 43 758
Kyrkjeverje: Jostein Aa Tollaksen tlf. 909 88 880

Time
Heimeside: www.timekyrkja.no
Sokneprest Yngvar Nilsen tlf. 466 52 874
Musikalsk leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102
Kyrkjelydspedagog: Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872
Kyrkjetenar helg: Elias Høie Hetland tlf. 401 68 422
Soknerådsleiar: Marianne Hauge tlf 481 14 974
Dagleg leiar: Anna Bergitte Skårland tlf 990 26 276
Klokkar: Maren Dyngeland tlf 905 65 198
Ungdomsarbeidar Lye: Else Iren Skretting tlf 482 79 806
Kyrkjetenar ved gravferd:
Anna Bergitte Skårland tlf. 990 26 276
Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Lye forsamlingshus
Heimeside: www.lyeforsamlingshus.no

Bryne
Heimeside: www.brynekyrkja.no
Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105
Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708
Kyrkjelydspedagog: Tone Vold tlf. 918 81 818
Dagleg leiar:
Elisabeth S. Obrestad tlf. 475 02 080
Ungdomsleiar: Oda Vik Straume tlf. 941 95 850
Soknerådsleiar: Arne Berge tlf. 411 61 504
Kyrkjetenar helg: Arne Espevik tlf. 909 70 522
Kyrkjetenar helg: Lars Andreas Olsen tlf.466 56 825
Kyrkjelydsutviklar:
Jon Torger Hetland Salte tlf. 984 16 231

Undheim
Heimeside: www.undheimkyrkja.no
Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20
Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346
Vikarprest Roald Byberg tlf. 400 38 028
Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560
Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandsmark tlf. 996 26 157
Dagleg leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102

Time sokneråd time.soknerad@timekyrkja.no
Bryne sokneråd: bryne.soknerad@timekyrkja.no
Undheim sokneråd: undheim.soknerad@timekyrkja.no

TEKST: LARS SIGURD TJELLE
FOTO: JOSTEIN AA. TOLLAKSEN



Eg er bygut og har kontornevar. Det er berre å innrømma det. På Jæren er det eit heidersteikn å ha trælete, harde nevar med tjukk hud. Då er du mann. Då er du arbeidskar. Eg har mjuke nevar og må berre stå for det.
Men det betyr ikkje at eg ikkje likar å arbeide med hendene. Når ein arbeider med åndelege ting, er det fint å gjera noko konkret og handfast. Som å grave i jorda, eller kna ein brøddeig.
Det som skjer i påsken er særs handfast og konkret. Me tenkjer jo gjerne åndeleg om trua. Bøn og bibel er gjerne noko for tanken og hjarta, meir enn for kroppen. Men Jesus gjev seg sjølv til oss, kroppsleg og konkret, handfast og til å ta og kjenna på. «Dette er min kropp», seier han i nattverden, «dette er mitt blod». Jesus var verkeleg og kroppsleg. Måltidet med disiplane, natta i Getsemane, piskeslag og kross, alt dette var verkeleg, kroppsleg og konkret.
Eg vil berre minna oss alle om dette nå, så lenge etter, når påska har vorte ei forteljing. Det skjedde verkeleg. Kjernen i trua vår, den åndelege sanninga om kors og død, var verkeleg.
Når me går til kyrkje og ber våre bøner, når me syng ein salme og takkar Gud, då er me i trua sitt landskap, og det er åndeleg og hjarteleg. Den åndelege verda er òg verkeleg, la det ikkje vera tvil om det. Men trua og truslivet er òg kroppsleg og konkret. Og aller mest vert me minna om det når me tar med oss kroppane våre til nattverd, og Jesus møter oss med brød og vin, med kropp og blod. Me kjenner knea mot kneleskamlane, me kjenner skuldra til ein bror eller søster ved sida, me tar brødet i handa, det vesle begeret til leppene. Og Jesus vert ein del av oss, kropp og sjel.
Så må trua vår òg ha kroppen med seg. Me må ikkje gjera trua kun til noko åndeleg og abstrakt. Kroppen må ikkje lukkast ute frå trua. Kroppen vår må vera med.
Og slik som Jesus stod opp frå dei døde, med hud og hår og kropp, slik trur me òg på oppstoda av lekamen, av kroppen. Eg anar ikkje korleis det ein gong skal skje, korleis Gud har tenkt å samla atomar og molekyl frå alle dei som ein gong skal stå opp frå dei døde, og gjenskapa kroppane våre. Men eg tvilar ikkje på at Gud kan og vil gjera det. Himmellivet, det evige, er ikkje berre eit åndeleg liv. Kroppen er med.

*God påske!*

Framsidefoto: Reidun Jane Heskestad

Utgitt av: Time kyrkjelege fellesråd.
Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Reidun Jane Heskestad, Arnfinn Vigrestad, Margreta Johannessen og Elisabeth S. Obrestad.
Trykk: Kai Hansen Trykkeri. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 2801.49.74395. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@timekyrkja.no.
Frist for innlevering av stoff til neste nummer er 8. mai

# Deg være ære!



Håkon Rettedal Losvik

Noen sanger, deriblant salmer, går inn i kategorien klisjé, og ja, det er nok en klisjé å synge «Deg være ære» i kirka første påskedag. Men det er en flytende grense mellom klassiker og klisjé, og for min del er «Deg være ære» en klassiker. Hvorfor det?

For å gjøre en kort historie lang, er jeg oppvokst i en kirkegående familie. Tre av seks voksne i familien har yrkeslivet sitt i kirken, og det å være med på gudstjeneste var en selvfølgelighet i store deler av oppveksten. I tillegg er vi musikalske, hver på sine vis, og med ulik grad av talent. Jeg har altså tilbrakt en del timer i kirkebenkene ved siden av mor og far. De sang. Høyt og tydelig, med en innlevelse som ikke alltid ble fulgt opp av stemmeprakt. «Deg være ære» er en salme hvor både tekst og melodi inviterer oss til å fylle lungene med luft og la det stå til, sånn som mor og far gjorde.

Det å sitte ved siden av noen som synger med hjertet, gjør noe godt med de som står ved siden av. Det var en del av tryggheten min som liten gutt, og har fulgt meg inn i livet som voksen mann. Musikk har derfor blitt en viktig del av mitt forhold til Gud. Sanger rører ved noe i meg som en preken eller andakt ikke alltid gjør, og jeg tror flere har det sånn. Det hjertet er fylt av renner munnen over med, men det er også motsatt. Det vi proklamerer med munnen, fylles hjertet av. Sang rører ved de dypeste røttene i oss, og når jeg strever med forholdet mitt til Gud, kolleger, elever, kone, barn og meg selv, kan gode sanger snakke sannhet inn i fornuft og følelser på en måte som lite annet klarer. Takk og pris for David, Elias Blix, Michael W. Smith og alle de andre som setter ord og melodi på mysteriet det er å tro. Og ikke minst Edmond Louis Budry, som har skrevet «Deg være ære».

For en gave av en sang denne salmen er! For en oppsummering av evangeliet. Og for en genistrek det er å bruke de to første linjene i første vers som refreng. Han hamrer inn poenget, slik at til og med de av oss som har litt tungt for det, får med seg at Jesus er herre over dødens makt! Halleluja! Evig skal han regjere, aldri frykter jeg! Det er forresten ikke sant. Jeg er redd. Livet er overveldende, og vi lar oss skremme av sykdom, krig, ensomhet, og andre bekymringer. Men still deg opp i kirkebenkene første påskedag og syng det likevel. Det hjelper ofte, og skader aldri. Minn hverandre på at «trygg er troens grunn»! La dette være en av sangene som følger deg inn i det som skremmer. Syng det om og om igjen, til Kristi seier er hamret inn i bevisstheten!

## Deg være Ære!

Tekst: EDMOND LOUIS BUDRY

Deg være ære, Herre over dødens makt!
Evig skal døden være Kristus underlagt.
Lyset fyller haven, se en engel kom,
åpnet den stengte graven,
Jesu grav er tom!

Deg være ære,
Herre over dødens makt!
Evig skal døden være
Kristus underlagt.

Frykt ikke mere! Evig er han med.
Troens øye ser det; Han gir liv og fred.
Kristi navn er ære, seier er hans vei.
Evig skal han regjere, aldri frykter jeg

Deg være ære,
Herre over dødens makt
Evig skal døden være
Kristus underlagt

Se, Herren lever! Salige morgenstund
Mørkets makter bever. Trygg er troens grunn.
Jubelropet runger; Frelseren er her!
Pris han, alle tunger, Kristus Herre er!

Deg være ære,
Herre over dødens makt
Evig skal døden være
Kristus underlagt



# JOSTEIN AARBAKKE TOLLAKSEN

## - NY KYRKJEVERJE I TIME

Den nye kyrkjeverja i Time er godt kjent med det kyrkjelege arbeidet i kommunen etter 4 år som dagleg leiar og kyrkjeutviklar i Brynekyrkja. Gjennom desse åra har han skaffa seg god innsikt og erfaring som kjem godt med når han no frå nyttår av, har teke over ansvar for den kyrkjelege drifta i kommunen.

TEKST: ARNFINN VIGRESTAD
FOTO: PRIVAT



*Gratulerer, Jostein, med ny jobb! Kan du kort fortelja litt om bakgrunnen din?*

Eg  bur på Bryne saman med kona, Randi. Me har tre born som for lengst har forlate «reiret» - og 5 barnebarn. Vaks opp i  Flekkefjord, tok bibelskule og lærarutdanning, men etter nokre år skifta eg «beite» og gjekk over til IT- bransjen og fekk ein administrativ stilling ved Lesesenteret på Universitetet i Stavanger. Var der i 26 år før eg byrja arbeidet på kyrkjekontoret i Time. Eg er eit friluftsmenneske og liker meg godt ute i naturen. Var speidarleiar i mange år her på Bryne – eit arbeid som var svært så gjevande! Elles har songen  og musikken  følgt meg frå oppveksten av og vore ei kjelde til glede og inspirasjon!

*Kva var det som trigga deg og gjorde at du søkte kyrkjeverjestillinga?*

Stillinga som kyrkjeverje er allsidig med varierte oppgåver. Her får du personal- og økonomiansvar, ansvar for kyrkjebygg og gravforvalting, 2 barnehagar og - ikkje minst -  å ha kontakt med kommunen og det kommunale systemet. Å få lov til å arbeida for at kyrkjene våre skal ha gode rammevilkår og gode arbeidsforhold for å kunna gjera den viktige oppgåva me er sette til, både i samfunnet og i folks liv, er spennande og utfordrande oppgåver. Derfor søkte eg stillinga!

*Har du planar for det arbeidet du no går inn i?*

Kyrkjene i Time og kyrkjeverja har gjennom mange år no, hatt eit veldig godt forhold til kommunen, og det er noko eg kjem til prioritera i arbeidet framover. Kyrkjene er sentrale kulturbygg i kommunen, og det er ei oppgåve me må ha fokus på. Det å forvalte desse kulturskattane og anlegga, kjem til å krevja mykje av oss dei neste åra. Og det gjeld ikkje berre det «ytre skalet», men korleis kan me best mogeleg vera ei inkluderande og god kyrkje som møter folk i alle livssituasjonar, store hendingar, i gleder og sorger. Samstundes skal kyrkjene vera ein trygg og god stad for truspraksis og åndeleg liv. Ein stad der kristentrua kan veksa og nye, både born, unge, vaksne og eldre møter evangeliet.

*Kva med utfordringane, dei finst vel òg?*

Ja, eg ser alt fleire som me vil møta framover. Me slit med ein del lovpålagde pensjonskostnader som me ikkje heilt ser konsekvensane av enno.

Me får neppe kompensert alt, og det vil merkast. Det er òg på trappene ei ny barnehagelov som me er usikre på korleis kjem til å slå ut for ideelle- og private barnehagar.

*Kva visjon har du for arbeidet ditt som kyrkjeverje?*

At kyrkjene i Time skal vera ein sentral og viktig del av folk sitt liv, og at me skal møta alle på ein god måte enten dei går ofte eller sjeldan i kyrkja.

Eg håpar òg at kyrkjene våre skal klara å fornye gudstenesteliv og tilbod på ein måte som gjer at me møter dei nye generasjonane av unge/vaksne på ein måte som oppleves relevant og livsnært og som gir dei lyst til å koma i kyrkja. Bodskapen er gamal, men uttrykk, form og formidling treng å vera aktuell.

Så håper eg å vera ein god, open og inspirerande leiar for ein fantastisk stab, avsluttar Jostein Aarbakke Tollaksen.

Helgedagen ønskjer han lukke til med ny og spennande jobb!

# Kvardagsmøte med

## Tor Aase

TEKST OG FOTO: LIV HELENE HÅLAND

- bonde i 32 år, var òg med på flytting til garden på Line grunna utbyggjing på Rosseland
- kyrkjeverje i Time i 14 år
- vore i kommunestyret, formannskap, vore varaordførar, med i ymse nemnder og utval
- frivillig arbeid i kyrkja og på Line bedehus



Då eldste sonen overtok garden på Line, bytte dei hus med han, til byggjefeltet ved 1900.
Nå er dagane rolegare for Tor og kona Mia, i leilegheit på Re. Borna, 3 i talet og 3 svigerborn, har dei rundt seg. Med 8 barneborn og 2 oldeborn er det gode kvardagar, med besøk - og kjøring av dei som skal ut på diverse fritidsaktivitetar. Han og Mia har vore gifte i 54 år, og Tor let vèl når han snakkar om kona og familien. - Eg har hatt gode år, har vore heldig og er veldig takksam for dette!

Sjølv om dei bur på Bryne, er det Time-kyrkja som gjeld når det er gudsteneste der. -Time-kyrkja er mi, heilt frå barndomen av saman med mor og far! Tor er med i 3 foreiningar. Bowling er også ein kjekk aktivitet, dei er ein god gjeng på 10-15 som møtest der ein gong i veka.Tor likar seg òg godt på sykkelen.

Glede i kvardagen er det kone, born og barneborn som gjev. I tillegg må han òg, som tidlegare musikant i IUF-hornmusikk, nemna musikken.- Mykje glede i musikk.

Tor er oppteken av verdssituasjonen. - Ein vond periode nå, seier han. Han meiner me gjerne blir meir reflekterte med åra, og tenkjer litt djupare. Tor reknar på at han nå gjerne har brukt 90 % av si tilmålte tid, og då er det viktig å bruka henne godt. Han kjenner på takksemd for rimeleg god helse i familien. Takk er eit ord som går igjen når me pratar med Tor.- Me må ikkje grava oss ned, men vera takksame.




TEKST: ELSE-MARIE BUE

## BØNEBOKA nr. 120

**STRESS**

*Vokt meg så jeg ikke blir offer for stress og mister syn og sans for de nære ting.*

Bønneboken (1991)

Denne boka gir fyldig innleiing til kvar av dei 899 salmane i Norsk salmebok 2013. Bøneboka finn de sist i salmeboka.




**NoS nr. 119**

**Hjelp meg Herre Krist å strida**
**I di kraft den gode strid**

Anders Hovden er forfattaren av denne salmen, i salmeboka plassert for fastetida. Med hjelp frå mange hald fekk fiskarsonen frå Ørsta utdanning og ei fantastisk livsreise gjennom sine 83 leveår. Han vart prest og prost i nesten 40 år, salmediktar og ivrig målmann.

I Salmeboka finn me 11 av hans salmar, pluss 14 omsetjingar. Me kan blant anna takka han for nasjonsalmen «Fagert er landet du oss gav, Herre vår Gud og Fader».
Hovden var også ein nær venn av Arne Garborg.

**I Stevnemøte med SALMEBOKA les me:**
- I 1939 skrev Anders Hovden – «Salmar og salmetonar hev haft ei sterk dragande makt på meg, og det alt frå barneåri av. Det hev lege som ein undertone i min hug all min dag. Det var einaste av 'litteratur' heime. For dei fyrste skillingane eg tente, kjøpte eg meg ei salmebok.»

Slik har det kanskje vært også da Hovden skrev «Hjelp meg, Herre Krist, å strida / i di kraft den gode strid.»
Drømmen hans er at han ved enden av livsveien kan si det samme som Paulus skrev i det andre brevet til Timoteus: «Jeg har stridt den gode strid, fullført løpet og bevart troen. Nå ligger rettferdighetens seierskrans klar for meg.»

1. Hjelp meg, Herre Krist, å strida
i di kraft den gode strid,
fylg meg alltid ved mi sida,
fylg meg all mi levetid!
Svimrande ved syndedjupi
viljeveik eg falla kan,
Herre, lei meg langs med stupi
med di sterke frelsarhand!

2. Å, kor sælt om eg kan svara
når til siste kveld det lid
og or verda eg skal fara:
Eg har stridt den gode strid,
Trui har eg halde herdig,
vel fullenda livsens ferd,
rettferdskransen no ligg ferdig
for meg i ei betre verd!

# Vibå æ komen?

TEKST: HEIDI STRAND HARBOE

I skrivande stund, mot slutten av februar, ryktest det at det er observert vipe på Jæren denne våren òg. Sjølv har eg vore litt på utkikk etter dei den siste veka, men har ikkje sett nokon så langt. Eg håpar at eg får møta ho etterkvart, og helst i store flokkar, slik eg hugsar det frå barndomen. At det har blitt færre viper er noko me ikkje har kunna unngå å leggja merke til. I «Norsk rødliste for arter fra 2021», er vipa nå klassifisert som kritisk trua.

Kanskje er det fleire enn meg som kjenner det går kaldt nedover ryggen når me høyrer at det som har vore sjølve symbolet for vår på Jæren, og sjølve kommunefuglen for oss her i Time kommune, rett og slett er ein trua fugleart?

Heldigvis har kyrkja dei siste åra vakna på ein ny måte for det å ta ansvar for jorda. Det er utarbeida liturgiar og bøner der me takkar for livets mangfald, for fiskar, fuglar, dyr og plantar og samstundes erkjenner vår skuld for å ha drive rovdrift på naturen og gjort det vanskeleg for ein del artar å overleva. Det blir bedd om at me må få hjelp til å bli klokare slik at me kan forvalta og fordela på ein meir ansvarleg måte.

Eg veit at det å få til å ta vare på naturen er ei kompleks og vanskeleg oppgåve, og ofte kan me kjenna oss makteslause overfor dei store utfordringane me har rundt oss på alle kantar. Med eit dikt frå diktsamlinga «Ta heller med deg hjartet ditt», utfordrar eg meg sjølv og andre til å våga å engasjera oss i kampen for å ta vare på jorda, og til å våga å snakka saman om korleis me skal greia det. Eg ynskjer alle ein fin vår med mange viper, varmande sol, nok regn og passe mykje nordavind i ryggen.



Eg føddest ein stad med viper og bier,
med humler og knallgule løvetann.
Då dei ein vakker dag
ikkje kom heim om kvelden,
lurde eg på kva me hadde gjort gale.

Utan viper og humler kjem den store stilla.
Utan dei kvite blomane og dei store luktene
kan det fort bli kaldt her.

Me lever liva våre
vevd inne i andre sine liv
med hendene overgjevne til andre sine hender.

Rekk meg ei hand utan hanske,
ei hand utan polvott,
utan rustning av jern.

Sjå på meg
utan maske,
møt blikket mitt
utan mørke solbriller.

Så får me prøva å snakka saman.



# Påsketidsvandring

FOTO OG TEKST: ANNA BERGITTE SKÅRLAND

**Vandring gjennom påskehistoria**

Velkommen til å ta ein tur gjennom påskehistoria på Time gravplass!

Gjennom 14 ulike plakatar får du vandra deg gjennom påska sine tekstar om håp i liv og død. Vandringa startar og sluttar ved bårehuset, parkering på baksida av Time kyrkje.

Vandringa eignar seg best i si nummererte rekkefølgje. Kjem du gåande frå Lye, kan du nytta den nye snarvegen til gravplassen, ca. 200 meter vest for Vestly idrettsbarnehage.

Denne vandringa med påska sine håpstekstar oppstod i Italia i 1988 under namnet VIA LUCIS – LYSVEGEN. Sidan har ho spreidd seg utover i verda. Kunstnaren Magne V. Kristiansen har teikna bileta på vandringa vår.

**God påske!**



# PÅSKEDRAMAET

En mann kom ridende på en eselfole.
En trussel for de lærde med religiøs skole.
Men han ble hyllet av alle de andre.
De trodde han var den som skulle forandre,
og jage bort romerne så langt det gikk an
slik at jødene kunne styre sitt eget land.

At Han skulle dø bare Han selv forsto.
Deretter mente folket at Han sitt folk bedro
når de forsto at han ikke ville krige og sloss
mot den romerske overherredømme-koloss.
Han skulle bli konge, men på et annet nivå,
men det ville de hverken godta eller forstå.

De førte han fram for domstolens makt
hvor Han ble dømt til å henge som slakt
på korset Han selv måtte bære dit fram
hvor Han skulle dø som et son-offer-lam.
De hånet og behandlet Han som en kriminell
og ba Ham stige ned fra korset av seg selv.

På hver side av Han hang det dømte menn.
Den ene sa: «Er du Guds sønn, så stig ned igjen!»
Den andre var ydmyk og ba en enkel bønn:
«Jeg er skyldig, det er ikke du, Guds sønn.
Tenk på meg, for jeg kan aldri bli din like».
Jesus sa: «I dag skal du få komme til mitt rike».

Men det som heller ingen ante eller forstod.
At graven åpnet seg og Han atter oppstod.
Han seiret over djevelen og dødens makt
og åpnet en vei via perleportens prakt
til himmelens rike for syndere som meg.
Billetten er betalt, kom bli med på vår vei.

Kåre Hetland jr.






## Pilegrimsvandringar på Jæren 2024

| | |
|---|---|
| 21. april | Pilegrimskveld i Bryne kyrkje klokka 19 |
| 2. påskedag (1. april): | Pilegrimsvandring frå Sola til Stavanger |
| 2. pinsedag (20. mai): | Pilegrimsvandring til Krosshaug i Klepp – frå Bryne og Klepp |
| 9. juni: | Pilegrimsvandring frå Egersund til Ogna |
| Jonsok 23. juni: | Jonsokvandring frå Refsnes – Orre gamle kyrkje. Gudsteneste klokka 18. Vidare til Orre friluftshus. |
| Olsok 29. juli: | Olsokvandring frå Obrestad havn – Varhaug gamle kyrkjegard. Gudsteneste der kl. 19:00 |
| 8. september | Pilegrimsvandring frå Lye til Ålgård |
| 1. oktober | Pilegrimsvandring frå Holmane – Ogna (Prestavegen) |

# Komande arrangement i regi av trusopplæringa

TEKST: TONE VOLD OG RAGNHILD HANSSEN

**Babysong 0-1 år**
Alle tre kyrkjelydane våre har tilbod om babysong for barn o-1 år. Velkommen til ei hyggjeleg stund for deg og barnet ditt. Her er det song, rørsle og sosialt samvær. Etter songsamlinga et me lunsj i saman. Me startar opp nye grupper i januar.

**Time**
På Lye forsamlingshus har me tilbodet som ein del av Lykkeliten open barnehage, annankvar onsdag. Barnehagen er open kl. 10-12. Songsamlinga er ca. kl. 10.30-11.00.

**Undheim**
I Undheim kyrkje er det babysong oppe i kyrkjesalen frå kl. 10.30 annankvar onsdag.

**Bryne**
I Brynekyrkja har me babysong for 0-1 år som går over 8 gonger. Me møtest annankvar onsdag kl. 10.30 i kyrkjesalen.

Påmelding på kyrkja si heimeside eller via QR-kode:



**Småbarnstrall 1-3 år**
Småbarnstrall er eit song- og musikktilbod for 1-3 åringar. Då møtest me store og små i Time kyrkje, der me syng og leikar saman. Småbarnstrall liknar på babysong, men med songar og opplegg som er tilpassa eit barn i 1-3 års alderen. Det blir song, leik og moro. Me inviterer alle 1-3 åringar frå Undheim, Time og Bryne til å koma til Time kyrkje i lag med oss.
Kl. 16.30-17.00. Datoar for våren er: 1. februar, 14. mars og 11. april.
Påmelding på kyrkja si heimeside eller via QR_kode:



**Superheltsamling**
I april vil me invitera 2. klassingane til å vera med på «Superheltsamling». Me skal bli kjende med fleire superheltar frå Bibelen. Velkommen til ei spennande samling med bibelforteljing, leik og aktivitetar. Så skal me kose oss med god mat, for mat må jo superheltar også ha!

**Datoar for Superheltsamling:**
(Meld på der det passar best for dykk)

Bryne kyrkje: onsdag 10. april kl. 17.00-18.30
Time kyrkje: onsdag 17. april kl. 17.00-18.30
Undheim kyrkje: onsdag 24. april kl. 17.00-18.30

Invitasjonar vert sende ut.
Påmelding på kyrkja si heimeside eller via QR-kode:



## Hovudmål for trusopplæringa

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:

- Gud - skaparen
- Jesus – frelsaren
- Den heilage ande - hjelparen

Me deler tru og undring.

Me deler kristne tradisjonar og verdiar.

Me deler opplevingar og fellesskap.

Me deler håp og kjærleik.

**10-årsfest**
Dette året blir du 10 år, det må feirast! I pinsen feirar me også kyrkja sin bursdag. Det skal me få høyra meir om. Alle 4. klassingane (frå Bryne, Time og Undheim) vert inviterte til ein stor fest i Time kyrkje, 28.mai kl. 17.30-19.00. Velkommen til å bli med på ei kjekk samling med god mat, leik og aktivitetar.

Invitasjonar vert sende ut.

Påmelding på kyrkja si heimeside eller via QR-kode:



Gruppene våre er nå melde inn i Søndagsskolen-Norge
Me har nå meldt dei fleste aktivitetane våre som gruppene våre inn i Søndagsskolen-Norge. Her får me offentleg støtte basert på antal betalande medlemmer i kvar gruppe. Slik bidrar kontingenten til at me har materiell og ressursar til dei ulike gruppene våre.
Me ønsker derfor at flest mogleg av dei som blir med på aktivitetane våre melder seg inn i gruppa under søndagsskulen.
Barna kan vere medlemmar i fleire grupper i søndagsskulen.
De melder inn i gruppa i den vanlege påmeldinga.
Husk å melde inn rett gruppe :-)

Søndagsskolen
– mer enn du tror



***Helsing frå kyrkjelydspedagogane***
*Ragnhild Hanssen*
*og Tone Vold*

**Får du ikkje invitasjon i posten? - Bli trusopplæringsabonnent**
Har du born som ikkje er døypte/ ikkje er medlem i kyrkja, men likevel ynskjer dei skal få invitasjon til trusopplæringa sine arrangement?
Gå inn på www.kirken.no/minside og registrer deg der, så får borna automatisk invitasjon til det som gjeld deira aldersgruppe.

**Her er ei oversikt over årshjulet til trusopplæringa i kyrkjene våre. Dette vert borna inviterte til:**

| | |
|---|---|
| 0 år | Dåp og dåpssamtale |
| 0-1 år | Babysong |
| 1 år | Småbarnstrall, felles i Time kyrkje |
| 2 år | Undretur i Time og Bryne kyrkje med utdeling av «songposen min» |
| 3 år | Krøllekveld |
| 4 år | 4 års klubb og utdeling av Barnebibel |
| 5 år | Kor kick-off. felles i Bryne kyrkje |
| 5 år | Adventsklubb |

Barnefamiliar
Kyrkjemiddag i Bryne kyrkje

1. klasse - Det store påskemysteriet
2. klasse - Superheltsamling
2. klasse - Plan B – aktivitetsdag, felles i Undheim kyrkje
3. klasse - Tårnagenthelg
4. klasse - På sporet av Jesus
5. klasse - Tweens-Kick-off
6. klasse - Lys vaken i lag, felles i Bryne kyrkje
9 -13 år 9:13 i Bryne kyrkje
9. klasse - Konfirmasjon

Me ønskjer ungdommane velkomne til ungdomsarbeidet vårt: UKUF på Undheim, Varden på Lye og UF i Brynekyrkja. Les meir om ungdomsarbeidet på nettsidene våre.



# Frå makt til rett-

## Kristenretten og Mostertinget i 1024.

TEKST: JENS OLAV MÆLAND

I år feirer me at det er tusen år sidan «Kristenretten» blei innført i landet vårt. Det skjedde på Bømmeløya, på Moster. Det var Olav Haraldsson og den lærde biskop Grimkjell som la fram dette rettsdokumentet, men stormennene som var samla der, måtte godkjenna det. Det er ikkje urimeleg å forstå denne hendinga som startskotet for ei gjennomgripande omforming av samfunnet. Ved dette vedtaket fekk kristendommen for alvor innpass i folket og blei det normgrunnlaget som skulle regulera dei fleste sidene ved livet. Vedtaket bestod i forbod og påbod, det var den ytre åtferda som blei endra, medan trussanningar og lærespørsmål var underordna. Difor er det vanleg å seia at det var eit sedskifte som fann stad. Ei ny livstolking og nye skikkar skulle avløysa det norrøne heidenskapet si livstolking og livsutfalding.

Olav Haraldsson var truleg fødd litt før 995. Hans slekt heldt til i Viken der faren var «småkonge». Olav drog tidleg ut på vikingferd, først i Østersjøen og så i «vesterveg» - til England, Irland, Normandie og Spania. På slike ferder gjorde dei strandhogg, drap dei som kom i vegen for dei – og ikkje minst plyndra dei og samla seg dyre skattar i sølv og gull. Dei kom også i kontakt med kristne kyrkjer og fleire kloster, og somme let seg overtala til å gå over til den kristne trua. Olav blei fascinert av den kristne trua, og blei døypt i Rouen i Normandie då han var i hertug Rikhard si teneste, truleg i 1014. Då han bestemte seg for å dra attende til Norge, hadde han klart for seg eit program om å bli konge og samstundes bidra til kristning av landet. Folket her var rekna for å vera primitivt og hardt, trass i fleire kristningsforsøk tidlegare, mellom anna av Håkon den gode (ca 945-960), og Olav Tryggvason (995-1000).

Olav med si hird kom til landet i 1015 og tok til i Viken. Han gjekk ikkje lempeleg fram. Først vann han over småkongane som hadde makta i Opplanda, og deretter sigra han i kystområda gjennom slaget ved Nesjar (Brunlanes). Dei store høvdingane langs kysten bøygde seg etter kvart og blei kongens lendmenn.

Olav hadde heile tida med seg biskop Grimkjell og ein flokk prestar, som blei innsette ettersom kristningsverket fekk inngang. Etter å ha fått gjennomslag i Trøndelag, der det var mange profilerte stormenn, drog han sørover langs kysten. Snorre fortel at kristningsverket skjedde under stor motstand. Om denne ferda sørover langs kysten, fortel Snorre:

*«Han stanset i hvert fylke og holdt ting med bøndene. På hvert ting lot han lese opp kristenloven og de bud som hørte til den. Han gjorde straks ende på mange uvaner og mye hedenskap hos almuen, for jarlene hadde holdt gammel lov og landsrett, men kristendommen hadde de latt hver gjøre med som han ville. Så var det blitt slik at det i sjøbygdene var folk døpt nesten over alt, men kristenloven var ukjent for de fleste; og i avdaler og fjellbygder var folk helt hedenske mange steder.»*

**Mostertinget 1024.**
Tusenårsfeiring av «Kristenretten» på Moster er altså ikkje feiring av eit særtiltak. For denne retten blei lesen og understreka med alt det mynde kongen og biskopen hadde ved tingsamlingane der dei møtte stormenn, lendmenn og andre som ville vera lojale mot kongen. Når tinget på Moster likevel skil seg ut som eit ting som fekk eit særleg gjennomslag, kan grunnane vera desse:

Her hadde Olav Tryggvason gått i land og halde messe i 995 då han kom frå England for å bli konge i Norge, og samstundes kristna folket her. Dernest: På Moster var det mogleg å samla stormenn og lendmen frå eit større område, som kunne leggja rettsforslaget fram for Gulatinget der kristenretten kunne godkjennast som gyldig for heile Vest-Norge. I dei eldste utgåvene av Gulatingslova er Mostertinget nemnt fleire gonger. I 1176 – etter at Magnus Erlingsson blei krona – blei det lagt til ymse tillegg. Dette er gjort greie for av Professor Knut Robberstad i «Gulatingslovi» (1937/81) der han skil mellom Olavs- og Magnus-tekst.

Frostatingslova viser også fleire gonger til Mostertinget, medan Borgartingslova ikkje har ei slik tilvising. Heller ikkje Eidsivatingslova. Snorre, som skreiv sin saga – særleg om Olav Haraldsson – ca 1250, nemner ikkje Mostertinget spesielt, men han nemner mykje som er i tråd med dei vedtaka som blei gjort der.

MOSTER 2024

**Innhaldet i Kristenretten**
Kva var så innhaldet i «kristenretten»? Det er då naturleg å gjengje innleiinga i Gulatingslova, for den angir ramma om det heile, og var ei avvising av den gamle norrøne heidendomen der dei i uvisse vende seg mot nord til lunefulle «gudar» og makter, men utan håp bak død og grav. Især var bloting ei inngrodd handling:

**«Det er opphavet til lovene våre at me skal bøya oss mot aust og be til Kvitekrist om godt år og om fred, at me må halda landet vårt bygt og landsherren (kongen) vår ved helse. Han vere vår ven om me hans vener, og Gud ven til oss alle».**

Så følgde ulike forbod og påbod, – med omtale av plikter og rettar på ulike livsfelt.

**Forbod:** All heidensk gudsdyrking skulle bort, så som bloting, framstilling av gudebilete og offerstader (hovet og kulten knytta til det)! Også seidekunst og trolldomsverksemd. Det blei også forbode å setja ut uønska barn for å døy. Vidare blei det forbode å gifta seg med nære slektningar, samt skilsmisse utan grunn. Ein skulle berre ha ei kone, og kvinna måtte samtykkja ved giftarmål.

Dette medførte ein total omsnunad på ein praksis som hadde vore vanleg i fleire hundre år, og som prega kvardagen og identiteten i det norske ættesamfunnet, der skam og ære dominerte. Endringsprosessen tok nok lang tid.

**Påbod:** Ein skulle byggja og halda ved like kyrkjer og kyrkjegardar i heile lagdømmet så det kunne haldast regelmessige gudstenester og dei døde kunne få si grav i vigsla jord. Ein skulle skaffa prestar og gje dei underhald. Det var biskopen og folket sitt ansvar. Alle barn skulle døypast i rimeleg tid etter fødsel. Dessutan skulle ein halda helg med søndagen som heilagdag. Kvart år skulle ein træl gjevast fri frå kvart fylke.
Ei rekke fastedagar blei vedtekne etter kongens og biskop Grimkjell sitt framlegg. Dersom ein drog seg unna det som var føreskrive, måtte ein betale bøter. Kongen – i forståing med lendmennene – oppretta eit nytt «korps», oftast kalla «årmenn», til å utføra dette oppdraget. Det kunne dreia seg om reine straffebøter, eller bøter for mindre lovbrot – eksempelvis at ein skulka oppmøte til gudsteneste eller fasteplikta. Dessutan måtte ein betala for kyrkjelege tenester frå presteskapet. Den nye livsmåten medførte ny økonomi!

**Verknadene av Mostertinget.**
Mostertinget blei starten til ei omforming av heile det norske samfunnet. Kristen rett og sed fekk no eit aukande gjennomslag. Dei fleste område av livet blei prega av kristendommen. Frå fødsel til død blei livet ramma inn av det nye. Det var dei ytre livsformene som blei endra. Kva som skjedde på det indre planet, er usikkert. Retten fekk no større vekt enn makta. Det gamle ættesamfunnet der hemndrap var legitimt, blei no bytt ut med ei ny rettsforståing som hadde menneskeverdet som førande verdi. Det er difor all grunn til å feira denne hendinga, sjøl om det er mykje som er usikkert kring dette tingmøtet. No var kristendommen på veg til å bli heile folket sin hjørnestein. Det skjedde især gjennom Magnus Lagabøter si landslov i 1274.


***Litteratur til utdjuping:***
*Skeie, Tore: Hvitekrist, om Olav Haraldsson og hans tid, 2018.*
*Robberstad, Knut: Gulatingslovi, 1937/81.*
*Helle, Knut: Gulatinget og Gulatingslova, 2001.*
*Wisløff, Carl Fr.: Norsk kirkehistorie, bd.1, 1966.*
*Snorres Kongesagaer, bd.1, 1979.*
*Øyrehagen Sunde, Jørn: Kongen, Lova og Landet, 2023.*

# Nytt misjonsprosjekt: Immanuelkyrkja i Tel Aviv

TEKST: ARNE BERG
FOTO: PRIVAT

Immanuelkyrkja er ei vakker lita kyrkje i den gamle bydelen Jaffa i Tel Aviv. Her er det eit fargerikt fellesskap av menneske frå heile verda. Det samlande er trua på at Jesus er Messias, Guds Son. Kyrkja blir driven av Den Norske Israelsmisjon, og visjonen er å gje evangeliet tilbake til det jødiske folket. Dei vil vera ei kyrkje som tar imot folk med opne armar og viser Jesu kjærleik. Her kjem jødar og ikkje-jødar til eit kristent fellesskap som samlar folk på tvers av kulturelle og sosiale skilje.

Bryne sokneråd har etter tilråding i misjonsutvalet valt å ha det mangfaldige arbeidet og fellesskapet i Immanuelkyrkja som nytt misjonsprosjekt for perioden 2024-2026. Dette etter at avtalen med Stefanusalliansen gjekk ut ved årsskiftet. I tillegg har me ein avtale med NMS om støtte til arbeidet på Madagaskar.

I ei tid med krig og krise i Midt-Austen, opplever det norske pastorparet Siv Anita og Eyvind Volle at det er aukande interesse for tru i den israelske storbyen. På julaftan 2023 kom over 200 til gudsteneste i kyrkja, eit høgt tal i denne samanhengen. Det var stor interesse då kyrkjelyden i samarbeid med Bibelselskapet delte ut hebraiske biblar med både GT og NT som julegåve til dei som ville ta imot.

Samarbeidet med Det Israelske Bibelselskapet blei utvida tidleg i 2023, og Bibelselskapet har nå flytta ein del av verksemda inn i kyrkja. Dette er eit samarbeid som kan gje ein vinn-vinn situasjon for begge partar.

Kyrkjelyden har eit allsidig arbeid. Dei feirar gudsteneste kvar sabbat. Dei har barnearbeid og samtalekveldar, diakonale tiltak, konsertar og kunstutstillingar. Og ikkje minst har dei open kyrkje fire dagar i veka kl 10-14. Representantar frå Immanuelkyrkja og Bibelselskapet tar då imot dei som kjem og kan tilby samtalar om kristen tru. Dei mange glasmåleria til Victor Sparre er ofte innfallsvinkel til slike samtalar. «Åpen kirke har 150-200 besøkende hver uke, der de fleste av dem er israelere», fortalde Eyvind Volle i august 2023.
I tillegg til eige kyrkjelydsarbeid, gir Immanuelkyrkja i løpet av veka rom for seks andre kyrkjelydar, blant anna ein arabisk kyrkjelyd.

Den Norske Israelsmisjon skriv på si nettside: «Vi vil i ord og handling arbeide for fred og forsoning mellom mennesker både i vårt arbeid i Norge og i andre land, og særlig i møte mellom jøder og palestinere.»



Eyvind Volle og Siv Anita

**Bli med på lokalhistorisk vandring på Bryne! Anne Berit Hatlem og Tom Hetland vil i Helgedagen framover la oss bli betre kjende med dei 31 personane som har fått ei gate eller veg oppkalla etter seg. God tur!**

TEKST OG FOTO: ANNE BERIT HATLEM OG TOM HETLAND

# Ole Tjøttas veg



Ole Tjøtta (1880-1930) var frå Klepp og vaks opp i fattige kår. Han viste tidleg kunstnarleg talent, og i 1900 kom han inn på Tegneskolen i Oslo. Han debuterte på Statens høstutstilling i 1902. På denne tida fekk han bu hos Hulda og Arne Garborg, som hjelpte han til ein plass på Harriet Backers private målarskule. Ein annan etablert kunstnar, Erik Werenskiold, skaffa han midlar til eit studieopphald i København.

Tjøtta sleit med depresjonar, og i fleire år greidde han ikkje arbeida. Men etter at han flytte heim til Jæren og busette seg på Varhaug, hadde han ein jamn og god produksjon. I 1922 fekk han i oppdrag å utsmykka gamle Apotek Viben på Bryne. Dei seks motiva frå strand og innland på Jæren er rekna som eit av hovudverka til Tjøtta. Vegen hans ligg ikkje langt derifrå, ei sidegate opp frå Meierigata. Også ei rekkje andre av arbeida hans har motiv frå Jæren, eller er inspirerte av natur og folkeliv herifrå. Blant dei er det uferdige «Likferd på Jæren», som tilhøyrer Stavanger kunstmuseum.

I nordaustre hjørne på Time kyrkjegard ligg det ein gravhaug over Ole Tjøtta, med ein stilisert koparpalett festa på ein stein på toppen. Når minnesmerket vart reist og kven som stod bak det, er ukjent.

*Gravhaugen over Ole Tjøtta på Time kyrkjegard. (Foto: Sigbjørn Reime/Time kommune)*

*«Jærlandskap», pastellkritt på papir/papp. (Breidablikk/Stavanger kommune)*






# KONFIRMANT

**Bryne kyrkje**
**laurdag 27. april kl 11.00**
Adrian Fosseli Nygaard
Anne Tveit
Annika Grøtte Sivertsen
Astrid Sperrevik Paulsen
Aurelia Skår Håland
Benjamin Afseth Håland
Emil Braut
Emilia Folkvord Steinsland
Julie Mathea Serigstad Sæveland
Kristoffer Emberland
Liselotte Bø Stokka
Lukas Øverland Pollestad
Malena Bratland-Scheie
Malin Lode Dias
Mathias Oltesvik Bore
Mentz Haugan
Ragnhild Sperrevik Paulsen
Sarah Auestad Tjelta
Simen Mehus
Åge Martin Torgersen Taksdal

**Bryne kyrkje**
**laurdag 27. april kl 13.00**
Andrea Konstali
August Stakkestad
Casper Brekken
Emil Flesjå
Emilie Iversen Hatleskog
Frida Hustoft Apeland
Hanne Aarrestad Nesse
Håkon Bjørklund Hommel
Ida Bjelland
Jesper Knudsen
Karoline Jaarvik
Lisa Håland Thu
Marie Svalestad
Marthine Orre
Odin Malmin
Tone Mariann Håland
Tuva Sæbø Utne
Vetle Rosseland
Vilde Riskedal

**Bryne kyrkje**
**laurdag 27. april kl 15.00**
Anette Aldeholm
Bastian Stensland Lobekk
Henrik Hansen Sjølyst
Lilly Lende Hove
Maria Serigstad
Marte Bjerkevoll
Noah Bjunes Johansen
Torjus Bruntveit

**Bryne kyrkje**
**søndag 28. april kl 11.00**
Amalie Pedersen Fossfjell
Andreas Bjørnsen
Bea Gjengedal Gåsland
Eline Utsola
Emma Kvalvik
Johannes Høie Hetland
Kristoffer Høie Holen
Lars Håkon Tengesdal Oftedal
Linus Kindervåg Langli
Magnus Eide
Magnus Rikstad
Mats Alexander Berntsen
Max Lindal
Olav Stava Sveinsvoll
Tollak Opstad
Truls Varhaug Lie
Vegard Birkeland Eide
William Rosland
Ådne Stangeland Lygren

**Bryne kyrkje**
**lørdag 11. mai kl 11.00**
Anne Stødle Bowitz
Béatrice Hatleskog
Iben Marie Vedvik
Johan Pedersen
Kjell Christian Generale Hundsnes
Kyrre Nesse
Lukas Førland
Margrethe Mæland Aasland
Maud Gausel
Mikkel Håland
Tor Arne Ege
Trond André Heskje
Truls Johannesen

**Bryne kyrkje**
**laurdag11. mai kl 13.00**
Adelaide Lende Nicholls
Ane Bore Salte
Bendik Enge Erga
Elias Høyland Joranger
Elina Ditlefsen
Emil Thunheim
Emma Hersdal
Frida Eeg Tunes
Herman Brenden
Hilde Eeg Tunes
Ingmar Egeland
Leah Roland Rønning
Leah Emilie Dalgetty
Linne Haugstad
Lykke Aarstad Rasmussen
Magnus Eide
Max Martin Mossige
Mille Amundsen
Robin Tjosevik Anda
Svein Surdal
Teo Tungland Undheim
Turid Haugland Ødemotland
Ådne Løge

**Time kyrkje**
**torsdag 9. mai kl 10.30**
Adrian Vigre Rugland
Ane Finnbakk Susort
Arve Jensen Bergene
Benedikte Bø Auestad
David Mackowiak
Emma Johannessen
Emily Haugland
Guro Bøe Friestad
Ingeborg Mæland
Martha Lende
Mina Theresia Time
Miranda Hana Tveit
Nicolai Holen
Storm Asheim
Theor Helland
Tobias Nedrebø

**Time kyrkje**
**torsdag 9. mai kl 12.30**
Astrid Sivertsen Lothe
Elida Horvei
Ella Egeland Mørk
Herman Undheim Salte
Ingrid Stueland Gallefoss
Iris Ree
Jon Arne Serigstad
Jostein Vetrhus
Jørgen Hjelleflaten
Karoline Egeland
Kevin Lende
Leif André Dallavara Haugstad
Levi Hagen Gotteberg
Linea Haver-Høyland
Lisa Holen
Marie Hanssen
Olaf Petkovic Herigstad
Runa Rørheim
Sondre Vassbø
Thea Cedervall Sikveland

**Undheim kyrkje**
**søndag 5. mai kl 10.30**
Jofrid Berge
Karl Jonas Kartevoll
Lerke Tjåland
Mikal Marinius Aardal
Oda Sikveland
Pauline Tveiten
Sebastian Sele Bore
Tobias Undheim Rosland



**Trafikalt grunnkurs**
**Bryne Bil & MC Skole**
**Erlandsbakken 4, 4349 Bryne, tlf. 51 48 25 10**



# Jærklang 25 år

TEKST: MARGRETA JOHANNESSEN
FOTO: KJELL RAGNAR THU

Blandakoret Jærklang har 25 års-jubileum i 2024. Koret har gledd mange ved å delta med songen sin i ulike forsamlingar rundt i distriktet.

*Hadde de sett for dykk dette for 25 år sidan? Me spør Ingunn Heggland Solheim, som hadde idéen til oppstarten av koret, og fekk med seg Oddny Underhaug.*

Ikkje i det heile! Me såg for oss eit vaksenkor, der repertoaret var allsidig, men med ein kristen profil. Songutvalet måtte ikkje vera for vanskeleg, slik at alle kunne kjenna seg velkomne. Særleg i starten var dette viktig, då mange aldri hadde sunge i kor før, fortel Oddny. Så har det berre utvikla seg til ei heilt eventyrleg reise. Det har blitt deltaking på ulike arrangement lokalt, i tillegg til eigne konsertar og framføring av store korverk med solistar og musikarar. Her kan nemnast «Like til Betlehem», «Den store stjerna», «Visst skal våren komme» og fleire. Salmekveld, sommarkveldkonsert og kulturkveld saman med Time historielag er blitt ein årviss tradisjon. Koret har også hatt gilde og inspirerande utanlandsturar til Spania med songoppdrag i Sjømannkyrkja og i kloster. Ingunn understrekar at alt i koret blir gjort på dugnad, alle deltek utan honorar. Når koret har store arrangement bidrar alle med mat, kaffikoking, pynting, plakatar osv, og det er alltid gratis inngang! Dette er bevisst frå koret si side, alle skal kunna koma på konsert. I staden for billettsal er det kollekt til ein hjelpeorganisasjon, misjonsorganisasjon eller anna godt formål. Mange hundre tusen kroner er slik gitt vidare. Å få bidra på denne måten har gitt ein ekstra dimensjon til koret sitt arbeid.

*Kva med songutvalet, korleis finn de stoff?*

Oddny, som har vore dirigent alle desse åra, fortel at ho har brukt mykje frå eige korarbeid opp gjennom åra, og frå ulike notebankar. Det er viktig å ha ein balanse mellom utfordring og trivsel når det gjeld vanskegrad. Difor er det fantastisk å sjå tilbake på kva koret har fått vera med på gjennom åra, også av store og krevjande oppsetjingar. Om stemmene modnast, går det an å bevara klangen. Då gjeld det berre å bruka god tid på oppvarming av både kropp, musklar og stemme i starten av øvinga.

*Kva er det då som får folk til å vera med i Jærklang, år etter år, ja nokre heilt frå starten av?*

Ei lita rundspørjing mellom dei 47 kormedlemmane viser at gleda over å syngja og over eit fantastisk sosialt fellesskap, er viktig. Mange nemner også at det gir mykje å få dela den glade bodskapen, få koma rundt i ulike forsamlingar og oppleva at ein bidrar med noko positivt. Før ei korøving kan ein vera uopplagd. Etterpå går ein oppløfta heim fordi ein har møtt gode, glade folk, fått drøsa i kaffipausen og kjenna på gleda over å få til noko fint saman. Mange nemner også at det betyr mykje å ha ein inspirerande dirigent som ser alle.

*Arnfinn Vigrestad er leiar i koret jubilumsåret. Kva er tankane framover?*

Arnfinn fortel at alle er velkomne til stor jubileumskonsert i Brynekyrkja laurdag 8.juni. Då vert det ei reise gjennom deler av koret si historie, og sjølvsagt nye songar. 15.desember blir det «Fest i Guds hus», ei adventsmesse av Eivind Skeie. Dette er eit samarbeid med staben i Bryne kyrkje, barnekor, solistar og musikarar. Elles er heile 2024 allereie ganske fylt opp med songoppdrag av ulikt slag.
I føremålsparagrafen til Jærklang står det at koret skal vera eit inkluderande fellesskap, spre evangeliet og songglede. Det har koret sanneleg gjort gjennom desse åra. No set 25-åringen full fart vidare!



Frå venstre Ingunn Heggland Solheim, Arnfinn Vigrestad og Oddny Underhaug


KONSERT
JÆRKLANG 25 år
Bryne kyrkje laurdag 8. juni kl. 19:00
Jærklang
m/gjester
Matøkt/kollekt
Velkommen frå bygd og by!

# Sokneråda i Bryne, Time og Undheim

Kva tenkjer soknerådet at kyrkja i soknet skal vera?

## TIME SOKNERÅD 2023 - 2027

Soknerådet ønskjer at Time sokn skal vera:
- Vedkjennande, open, tenande og misjonerande.
- Ei raus folkekyrkje med Jesus Kristus i fokus.
- Ei kyrkje som er synleg og tilstades i nærmiljøet med omsorg, diakoni, nestekjærleik, i høgtid og i kvardag.
- Ein stad det er godt å høyra til frå krybbe til grav
- Ei kyrkje som lokalbefolkninga er stolte av og kan kalla «mi kyrkje».



Time soknerråd framme frå venstre: Sverre Risa, Marianne Hauge, Martin Berge, Yngvar Nilsen, Jorunn Ueland, Ingrid Eikeland (vara), Trond Sverre Heskestad og Willy Finnbakk. Ikkje tilstades då bilete blei tatt: Harald Auestad (vara), Steinar Knutsvik (vara), Bjørn Håland (vara)
Foto: Anna Bergitte Skårland

## BRYNE SOKNERÅD 2023 - 2027

Det som kyrkja alltid skal vera, er viktigare enn nokon gong nå i ei uroleg tid.
Bryne kyrkje vil vera den opne famns kyrkje. Ei kyrkje for gode relasjonar, raus i sitt mangfald, tydeleg i si retning! OPPOVER i Guds famn. INNOVER i kyrkje og fellesskap. UTOVER i byen og verda.



Frå venstre: Oddmund Gravdal, Arne Berge, Heidi Strand Harboe, Ruth Stabel Berg, Stein Ødegård, Hans Tore Hetland, Jan Erik Brudeli, Arne Espevik, Anne Brit Ree (vara) og Lars Tore Helgeland. Var ikkje til stades då bilete blei tatt: Elias Høie Hetland (vara), Helga Johannessen (vara), Gunhild E. Lande (vara) og Tore Braut (vara).
Foto: Elisabeth S. Obrestad

## UNDHEIM SOKNERÅD 2023 - 2027

Kyrkja skal vera ein plass for alle. Alle skal kjenna at dei høyrer til. Det skal merkast at Gud er til stades.
Visjonen vår er at me skal møta nye venner, søkja Gud og få del i oppdraget.



Frå venstre: Per Arne Undheim, Ivar Risa, Synnøve Charlotte Meling Gauksås (vara), Arnfrid Bjelland, Hanne Brit Sandsmark, Roald Byberg og Oddvar Undheim.
Ikkje til stades då bilete blei tatt: Tordis Sandvik, Nina Fosse (vara) og
Kari Haavardsholm (vara).
Foto: Frode Skårland


Barnekoret
i Brynekyrkja
Frå 4 år- 4 klasse
Torsdagar i
Partalsveker
Kl. 17.30
Etter øvinga er det
kveldsmat til alle i
kjellaren


TT-koret
- Koret for tweens og teens
5. klasse og oppover
Torsdagar i
partalsveker
Kl. 19-20
i Bryne kyrkje


Småbarnstrall
I Time kyrkje – for barn 1- 4 år
1. februar kl. 17.00
14. mars kl. 17.00
11. april kl. 17.00
Påmelding via
QR-kode



# Velkomen til sundagstreff

### i Bryne kyrkje våren 2024

- Kl.18.00: Ringleik & allsong + kaffi & drøs i kyrkjestova
- Kl.19.00: Gudsteneste i kyrkjesalen

Datoar for våren, merk dei av på kalenderen din:
**Sundag 14. april kl.18:00**

**Torsdag 16. mai blir det grillfest!**
Det blir sendt ut eigen invitasjon med tid og stad.

Pris kr 100,- pr. person.
Husk påmelding!

**Ser deg i kyrkja! :-)**

Helsing frå Torunn, Trond, Kari, Praxedes og Daniela

## Pilegrimskveld for alle

**Stad: Bryne kyrkje**
**Tid: søndag 21.april kl 19**

- Prest Arne Berge snakkar om tema Pilegrimsliv i kvardagen
- Kort vandring i og rundt kyrkja
- Song av Den nasjonale Pilegrimskvartetten
- Mat
- Kollekt

*Arrangør:*
*Pilegrimskomitéen på Jæren*



## Velkomen til Kyrkjemiddag i Brynekyrkja



**Fredag 31.mai – kl 17.00-19.00**

- Tacomiddag for heile familien
- Samling og aktivitetar for barna
- Kaffi og drøs for dei vaksne

Her får me koma til dekka bord, middagen slepp me å laga sjølve.
Aktivitetane er spesielt tilrettelagde for barnefamiliar, alle er velkomne, veldig kjekt om akkurat DU kjem !!!

Det er påmelding til arrangementet.
For påmelding kan denne QR-koden brukast, eller du kan gå inn på www.brynekyrkja.no og melde deg på der. Velkommen.

Bryne Kyrkja

# MUNNSPELKONSERT I BRYNE KYRKJE
## Søndag 5. mai, kl.19.00.

Søndag 5.mai blir det internasjonal munnspelkonsert i Bryne kyrkje, med fire munnspelarar pluss pianist!

Alle munnspelarane spelar på POLLE CONCERT HARMONICA, laga på Bryne av Georg Pollestad, og det er celebre solistar som kjem på besøk: japanske SHIMA KOBAYASHI, vår eigen SIGMUND GROVEN, unge ALEXANDER BORLAUG, og bestefar hans, sjølvaste munnspelmakeren, GEORG POLLESTAD.
Dei får tonefylgje av den engelske pianisten og komponisten ANDREW MELVIN, som er gift med Shima Kobayashi. I 1993 blei ho kåra til verdsmeister på munnspel ved ein stor festival i Yokohama, og deretter studerte ho vidare med legendariske

Tommy Reilly i England, som og brukte Polle-spel dei siste åra av sin karriere.

Sigmund Groven treng vel ikkje nærare presentasjon, han har samarbeidd med Pollestad i over 40 år, og har hatt mange konsertar på Bryne og Klepp gjennom åra.

Alexander Borlaug er blant dei fremste munnspelarane av den yngre generasjonen.
Programmet vil innehalde mange kjende og kjære tonar, frå Bach til Flåklypa.

Vel møtt til ein einestående konsert!

Her er billettbestilling til konsert https://app.checkin.no/event/70062/munnspelkonsert-i-bryne-kyrkje

Billettpris kr 250,-



Sigmund Groven og Georg Pollestad



Shima Kobayashi



Alexander Borlaug



Andrew Melvin



Sigmund Groven

# Sammen i BØNN



Sammen med alle menighetene på Bryne så vil vi løfte byen og distriktet vårt opp til Gud i bønn.

Bønn er selve hjerteslagene i livet med Gud. Bønn er ro og håp uttrykt i handling. Bønn er en pågående handling med en usynlig, men nærværende Gud. Han som var og som er og som blir.

- Vi ber om fornyelse og vekkelse på Bryne og Jæren
- Vi ber for ansatte og frivillige i kirke og menigheter.
- Vi ber om gode og trygge oppvekstvilkår for barn og unge.
- Vi ber om en god og verdig eldreomsorg.
- Vi ber om et godt næringsliv og trygge arbeids plasser.
- Vi ber for ordfører, kommunestyret og kommunens politikere.

Vi står sammen i bønn om et forandret Bryne

Misjonskirken Bryne · Bedehuskirken · ZION BRYNE · FRELSES ARMEEN · fri kirken · INN kyrkja · DEN NORSKE KIRKE

Felles bønnemøte hver lørdag fra kl 10.00 til 11.00 i Misjonskirken, Bryne. **DU** er hjertlig velkommen.

# Gjevar-teneste

**Takk for alle gåver til arbeidet!**
Kyrkjelydane våre er heilt avhengige av faste givarar for at arbeidet skal gå rundt, då mange av våre tilsette er lønna av faste gåver. Du kan få skattefrådrag på gåver du gir til kyrkja di på opp til kr. 25.000,- pr kalenderår (utgjer kr. 2.083,-/mnd). Sjå meir info om givartenesta og Avtalegiro på nettsidene våre.

**Bryne sokn**
Barne- og ungdomsarbeid
3325.25.07057

**Time sokn og Undheim sokn**
Trusopplæring
3325.39.13407

**Time sokn**
Barne- og ungdomsarbeid
3290.58.78041

**Time sokn**
Arbeid generelt
3325.20.04462

**Undheim sokn**
3325.21.55657

**Diakoniens Dag**

# VELKOMMEN TIL GUDSTENESTE I TIME KYRKJE

Søndag 21. april kl 11.00

Gudsteneste ved: Diakon P. Slettebø



Foto: Bo Mathisen/Den norske kyrkja



**Fredagskveld på Kyrkjetorget**
**Time kyrkje**

**19.april** kl. 19.30-21.30
*(obs ny tid)*

Kveldens gjest:
Marit Skrudland

Fredagskveldane på Kyrkjetorget er samlingar med tid til drøs, uformelt program, kveldens gjest, allsong, m.m.

Dei som ønskjer å koma, kan ta med litt mat kvar som me set på fellesbordet. Komitéen ordnar kaffi/te.

Arr: Fredagskveldkomitéen

# GRØN DAG I KYRKJEPARKEN VED UNDHEIM KYRKJE

**LAURDAG 27. APRIL**
**KL. 11- 13.00**

Dagane vert lengre, lysare og varmare. Frø som er lagde i jorda spirer. Småplanter veks og utviklar seg, og etter kvart er mange klare til utplanting i bed, plantekassar, krukker og drivhus.

Mange planter som er til sals i Kyrkjeparken kan brukast i eige kosthald. Andre til pynt i hagen eller i stova.

Det vert òg sal av bakverk, handarbeid, krukkebrett m.m I tillegg kan du nyta grønnsaksupper, focacciabrød, kaffi og kaker. Og sist men ikkje minst - møta folk og drøsa.

- Musikk ved TOKT
- Songgruppa Shalom
- Loddsal med trekning kl 12.30

**Velkommen til NMS i Time sin grøne dag på Undheim!**

Facebook: Grøn dag på Undheim



TEKST & FOTO: ROLF HESKESTAD

# HESTEHOV



Det er eit flott syn når hestehoven ein tidleg vårdag dukkar opp frå den vinterkalde jorda. Desse små gule solene lyser imot oss og fortel at nå er det vår: "Eg tjuvstartar litt, men snart kjem både kvitveis, vårkål og kusymre". Kjært barn har mange namn, og slik er det med hestehoven. Namnet leirfivel fortel at han trivst best i leirjord. Her hos oss finn vi planten ofte i vegkantar. Blomane står i toppen av ein bladlaus stengel. Noko som er spesielt for hestehoven, er at blada syner seg etter at bløminga er avslutta. Dei store blada har ei form som liknar avtrykket til hesten sin hov - og slik gjev namnet meining. Hestehov høyrer heime i den store korgblomfamilien - saman med t.d. løvetann og tusenfryd.
Tidlegare vart hestehov nytta som medisinplante mot tørrhoste og ved pusteproblem. Diverre er det seinare funne at planten inneheld kreftframkallande stoff. Norsk Medisinaldepot slutta derfor å selja denne urta så seint som i 1982.

## *Hjernetrim*

### HelgeKryssord 2/24

LAGA AV: GABRIEL TENGSAREID

**Vassrett**
1. Eksodus
15. Dam
16. Han mottok dei ti boda
17. Mannsnamn
19. Kvile
22. Bra
23. Korrekte
24. Preposisjon
25. Leiar
26. Jentenamn
28. Trekkje
29. Pronomen
30. Reip
32. Kulerammen
33. Mannsnamn
35. Fuglelyd
37. Teikn
38. Ras
39. Same kva
40. Preposisjon
42. Frukt
46. Verkeleg
47. Dårlegare
48. Smart
49. Stad i Time

**Loddrett**
1. Linjer i kart
2. Alfabetnaboar
3. Passasjer
4. Før middag
5. Bibelsk by
6. Innlysande
7, Heldt unna
8. Mannsnamn
9. Nabobokstavar (omv.)
10. Konsern
11. Disippel
12. Frø
13. Plassert
14. Like vokalar
18. Hudplage
20. Forbode
21. Fisk (flt.)
27. Ha ei kjensle av
28. Klauvdyr
29. Bokstaven
31. Handling
34. Greie
36. Luft
41. Ri
43. Skrik
44. Reklame
45. Radiobølgjer







Løysing til Helge-kryssord 1/24

# Barnas

170 år

## Vitsar

Per hadde fått nye briller, og mor hans spurde han:
– Ser du bra med dei nye brillene, Per?
– Ja, pappa!

To nåler sat på ei benk og kjeda seg. Så sa den eine:
– Kom, så stikk vi!





Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00


## Prikk til prikk



Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?

## Finn fem feil

Her viser Jesus seg etter at han døde og stod opp att. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne fem feil på biletet under?





*Teikning: Faye Simms*

## Kryssord

1. Bygning i Apostelgjerningane 15,16
2. Konge i Matteus 2,3
3. Dyr i Matteus 21,2
4. By i Apostelgjerningane 18,1
5. Konge i Romarane 4,6
6. By i Lukas 7,11
7. Stilna i Matteus 14,32
8. Kvinne i Johannes 20,11

Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å koma fram til løysingsordet.




# Sorgstøttegrupper

Kyrkja sitt tilbod til etterlatne

Det finst tilbod om å delta i støttegrupper etter at ein har mista ein av sine næraste. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med Diakon i Bryne: marit.hetland@timekyrkja.no
Diakon i Time og Undheim: praxedes.slettebo@timekyrkja.no
eller ring kyrkjekontoret på tlf. 51 77 03 77

# Lys på gravene

Å setja lys på gravene til våre kjære er ein fin tradisjon. Det er flott å gå på gravplassen å sjå alle lysa som lyser opp og minner oss om dei som ikkje er blant oss lenger. Dessverre er det eit stort problem at dersom fuglane får tak i desse lysa, kan dei ta dei med seg og sleppa dei frå seg på markene rundt omkring. Dette fører igjen til at metallbitar frå lysa kan koma i fôret til dyra og føra til store lidingar og i verste fall avliving/ død.
Alle lys skal derfor stå i lukka lykter for å hindra fuglane i å få tak i dei.

***Gravplassforvaltinga i Time***



## DØYPTE

**BRYNE KYRKJE**

04.02.24 Victoria Haaland Eide
Storm Gusevik Wredstrøm
Abel Tobias Ueland
Olai Wiig

**TIME KYRKJE**

11.02.24 Emma Johannessen
Jakob Svalestad Bala
Lucas Kvitrud-Christensen
Clara Raugstad Time
Eivind Prestegård
Johannes Nødland Bekkum

**UNDHEIM KYRKJE**
04.02.24 Mari Magla Fasting Undheim

## VIGDE

## GRAVLAGDE

**Januar**
Kari Jåtten Helland
Emil Asbjørn Strøm
Berner Veggeberg

**Februar**
Arne N Undheim
Magni Undheim
Gunvor Marie Taksdal
Bente Sissel Ertkjern
Jan Bjarne Fidjeland
Anders Ueland
Gerd Haugland

NOVA
BEGRAVELSESBYRÅ
51 61 04 00 - døgnvakt
www.novabegravelse.no
Møyfrid Hersdal og Hanne Brit Sandsmark


3. GENERASJON BEDEMANN
Arild Aase
Aase
Begravelsesbyrå
Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102
24 TIMERS VAKTTELEFON

KROGEDAL
begravelsesbyrå
51 97 29 00
DØGNVAKT

VI HAR OGSÅ
GRAVSTEINAVDELING
www.krogedal.no

# STØTT ANNONSØRANE VÅRE

EiendomsMegler 1
JÆRMEGLEREN
Gro Anita Nøkland m: 900 14 328
Kyrre Otto m: 954 85 419
Kristine Ree Espedal m: 480 64 634

Jæren Gulv AS
Maler- og gulvarbeid
www.jaerengulv.com

REMA 1000
Håland

EL-TEAM
Elektroentreprenør
elkonor
Morenefaret 5, Bryne • Tlf. 51 48 67 40
E-post: firmapost@el-team.net
www.el-team.net

VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS
ek Glassmesterforretning
Einar Knutsen as
Postboks 149, 4349 Bryne
TLF. 51 48 02 11
DØGNSERVICE 971 78 180

Bøgh Hafsø
BILSALG - SERVICE - EU KONTROLL - SKADE - RUTESKIFT

TIME ELEKTRO AS
når resultatet er viktig

DEN NORSKE KYRKJA

Varme & velvære entusiast
REIME
VARMEPUMPER OG SPA
www.reimeas.no - Tlf: 51 73 14 22

Rogalandshus

container utleie
Renovasjons-service as
Magnus Grødem • tlf. 51 48 20 44

haver
Haver Advokatfirma AS
Hetlandsgt. 9, 4340 Bryne
telefon 51 77 00 50

P
PRIVATMEGLEREN
JÆREN
Torggata 2, 4340 Bryne
Tlf. 51 48 86 00 • jaeren@privatmegleren.no

eikhi

Sjekk Punkt
BILVERKSTED
www.sjekkpunkt.no
4000 6447
LYE BIL AS
Prestegardmarka 1
4340 Bryne

Alt innen datahjelp
-hjem på døren
til private & bedrift
Tlf 51485000
www.datahjelpen.it

VB Bryne Rør

## VI TRENG FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg?
Kvart år svarar vi samla kring 200 000 samtaler via telefon og internett, likevel er det ein av tre som ikkje får svar.

Les meir og meld di interesse på
**kirkens-sos.no**

Å snakke med folk om livet gir meining.



Velkomen til
# gudsteneste









Skyss til gudstenesta
Bryne kyrkje:
Jonas Frøyland
mob.nr. 41300468
Ring før kl 10.00

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Søndag 24. mars** | | **Palmesøndag** | **Matt 26,6-13** |
| Bryne kyrkje | 11.00 | Gudsteneste | Dåp, søndagsskule |
| Time kyrkje | 11.00 | Gudsteneste med nattverd | Nattverd |
| **Søndag 28. mars** | | **Skjærtorsdag** | **Luk 22,14-23** |
| Bryne kyrkje | 19:00 | Kveldsgudsteneste | Nattverd |
| Undheim kyrkje | 19:00 | Gudsteneste | Nattverd |
| **Fredag 29. mars** | | **Langfredag** | **Mark 14,26-15,37** |
| Time kyrkje | 11:00 | Langfredagsgudsteneste | |
| **Søndag 31. mars** | | **Påskedag** | **Matt 28,1-10** |
| Undheim kyrkje | 10:30 | Høgtidsgudsteneste | Dåp |
| Bryne kyrkje | 11:00 | Høgtidsgudsteneste | Nattverd, søndagsskule |
| Time kyrkje | 11:00 | Gudsteneste med nattverd | Nattverd |
| **Søndag 7. april** | | **2. søndag i påsketida** | **Joh 21,15-19** |
| Bryne kyrkje | 11:00 | Gudsteneste for store og små | Nattverd, søndagsskule |
| Time kyrkje | 11:00 | Gudsteneste med dåp | Dåp, søndagsskule |
| **Søndag 14. april** | | **3. søndag i påsketida** | **Joh 10,1-10** |
| Undheim kyrkje | 10:30 | Gudsteneste | Nattverd, søndagsskule |
| Lye forsamlingshus | 10:30 | Gudsteneste med dåp | Dåp, nattverd |
| Bryne kyrkje | 11:00 | Gudsteneste | Dåp, nattverd, søndagsskule |
| Bryne kyrkje | 19:00 | Søndagstreff. | Aktivitetar i peisestova frå kl. 18.00. Arrangementet er tilrettelagt for menneske med utviklingshemming. Alle velkomne! |
| **Laurdag 20. april** | | **Laurdag etter 3. søndag i påsketida** | **Joh 10,1-10** |
| Time kyrkje | 15:30 | Dåpsgudsteneste | Gudsteneste, dåp |
| **Søndag 21. april** | | **4. søndag i påsketida** | **Joh 13,30-35** |
| Bryne kyrkje | 11:00 | Familiefokus | |
| Time kyrkje | 11:00 | Gudsteneste | Diakoniens dag |
| **Laurdag 27. april** | | **Laurdag etter 4. søndag i påsketida** | **Joh 13,30-35** |
| Bryne kyrkje | 11:00 | Konfirmasjonsgudsteneste | |
| Bryne kyrkje | 13:00 | Konfirmasjonsgudsteneste | |
| Bryne kyrkje | 15:00 | Konfirmasjonsgudsteneste | |
| **Søndag 28. april** | | **5. søndag i påsketida** | **Luk 13,18-21** |
| Undheim kyrkje | 10:30 | Gudsteneste | Dåp, søndagsskule |
| Lye forsamlingshus | 10:30 | Gudsteneste med dåp | Dåp, nattverd |
| Bryne kyrkje | 11:00 | Konfirmasjonsgudsteneste | |

FULLDISTRIBUSJON

# Velkomen til kyrkje

**Følg med på www.timekyrkja.no eller i Jærbladet for oppdatert informasjon.**

Velkomen til
gudsteneste









Skyss til gudstenesta
Bryne kyrkje:
Jonas Frøyland
mob.nr. 41300468
Ring før kl 10.00

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Søndag 5. mai** | | **6. søndag i påsketida** | **Matt 7,7-12** |
| Undheim kyrkje | 10:30 | Konfirmasjonsgudsteneste | |
| Bryne kyrkje | 11:00 | Gudsteneste | Dåp, nattverd, søndagsskule |
| Time kyrkje | 11:00 | Gudsteneste i Brekko | |
| **Torsdag 9. mai** | | **Kristi himmelfartsdag** | **Luk 24,46-53** |
| Time kyrkje | 10:30 | Konfirmasjonsgudsteneste | |
| Time kyrkje | 12:30 | Konfirmasjonsgudsteneste | |
| **Laurdag 11. mai** | | **Laurdag etter 6. søndag i påsketida** | **Matt 7,7-12** |
| Bryne kyrkje | 11:00 | Konfirmasjonsgudsteneste | |
| Bryne kyrkje | 13:00 | Konfirmasjonsgudsteneste | |
| **Søndag 12. mai** | | **Søndag før pinse** | **Joh 3,16-21** |
| Undheim kyrkje | 10:30 | Gudsteneste | Nattverd |
| Lye forsamlingshus | 10:30 | Gudsteneste med dåp | Gudsteneste, dåp, nattverd |
| Bryne kyrkje | 19:00 | Kveldsgudsteneste | Gudsteneste, nattverd |
| **Fredag 17. mai** | | **17. mai** | **Matt 22,17-22** |
| Bryne kyrkje | 08:30 | Morgonsong | Bøn for folk og land |
| Lye forsamlingshus | 09:45 | Nasjonaldagsgudsteneste | |
| Time kyrkje | 11:00 | Nasjonaldagsgudsteneste | |
| Undheim kyrkje | 11:00 | Gudsteneste for store og små | |
| **Søndag 19. mai** | | **Pinsedag** | **Joh 14,15-21** |
| Bryne kyrkje | 11:00 | Høgtidsgudsteneste | Nattverd, søndagsskule |
| Time kyrkje | 11:00 | Gudsteneste | Dåp, søndagsskule |
| **Søndag 20. mai** | | **2. pinsedag** | **Joh 6,44-47** |
| Undheim kyrkje | 10:30 | Høgtidsgudsteneste | Gudsteneste, dåp |
| Bryne kyrkje | 11:00 | Friluftsgudsteneste | Krosshaug - felles med Klepp |
| **Søndag 26. mai** | | **Treeiningssøndag** | **Luk 10,21-24** |
| Jærdagsscenen | 11:00 | Fellesgudsteneste | |
| **Søndag 2. juni** | | **2. søndag i treeiningstida** | **Joh 3,26-30** |
| Bryne kyrkje | 11:00 | Gudsteneste for store og små | Nattverd, kyrkjelydstur til Brekko |
| Time kyrkje | 11:00 | Gudsteneste | Gullkonfirmantar |
| **Søndag 9. juni** | | **3. søndag i treeiningstida** | **Joh 1,35-51** |
| Undheim kyrkje | 10:30 | Gudsteneste | Gudsteneste, nattverd |
| Lye forsamlingshus | 10:30 | Gudsteneste for store og små | Gudsteneste, dåp, nattverd |
| Bryne kyrkje | 11:00 | Familiefokus | Gudsteneste, nattverd |
| **Søndag 16. juni** | | **4. søndag i treeiningstida** | **Matt 16,24-27** |
| Bryne kyrkje | 11:00 | Gudsteneste | Dåp, søndagsskule |
| Time kyrkje | 11:00 | Gudsteneste | Dåp, søndagsskule |